

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 03.04.2024

Vår ref.: 202305721-7 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram for Re Energi kraftverk i Gloppen kommune, Vestland fylke

NVE har fått ei melding frå Re Energi AS om bygging av Re Energi kraftverk i Gloppen kommune i Vestland fylke. Meldinga blir no sendt på høyring til råka partar med høyringsfrist 21.05.2024.

NVE vil halda eit offentleg informasjonsmøte om saka 07.05.2024 i Breimshallen i Breim. På møtet vil NVE orientera om sakshandsaminga av meldinga, medan søkjar vil orientera om meldinga, utbyggingsplanane og vidare utgreiing.

Om utbyggingsplanane

NVE har fått ei melding frå Re Energi AS om bygging av Re Energi kraftverk i Gloppen kommune i Vestland fylke. Re Energi ønskjer å utnytta delar av fallet i Storelva i Gloppen kommune til kraftproduksjon. Dei nedste ca. 3,3 km av elva vil bli fråført vatn. Maksimal slukeevne for vasskraftverket er 60 m³/s, installert effekt 28,5 MW og årleg middelproduksjon er estimert til 90 GWh. Middelvassføringa i elva er 27,5 m³/s ved inntaket.

Kraftstasjonen er planlagd kopla til eksisterande nett ved hjelp av ein 22 kV jordkabel til Reed sekundærstasjon, som ligg ca. 200 m nord for Breimshallen.

Meldinga skal behandlast etter reglane i plan- og bygningslova om konsekvensutgreiingar. Formålet med meldinga er å klargjera kva konsekvensar tiltaket kan få for miljø, naturressursar og samfunn, og kva ein bør ta omsyn til under den vidare planlegginga. NVE vil fastsetja eit konsekvensutgreiingsprogram (KU-program) for tiltaket med utgangspunkt i meldinga, innkomne høyringsfråsegner og egne vurderingar.

Meldinga er tilgjengeleg via saka si side på NVEs nettsider: www.nve.no/9049/v.

Slik sender ein inn høyringsfråsegn

Gjennom høyring av meldinga med forslaget til KU-program ønskjer NVE å få innspel til kva utgreiingar som bør gjennomførast før det blir utarbeidd ein konsesjonssøknad om bygging av kraftverket.



Alle som har meiningar om saka, kan senda fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegner, som de finn på nettsida i saka www.nve.no/9049/v
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202305721 i emnefeltet, og oppgje namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Frist for å senda fråsegn er **21.05.2024**.

Fråsegner eller delar av fråsegner vil bli refererte i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skriva ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Invitasjon til offentlig møte 07.05.2024 i Breimshallen, Breim

NVE inviterer til eit offentlig møte om saka i Breimshallen, E39 6, 6827 Breim, tysdag 7. mai 2024 kl. 19:00. På møtet vil NVE orientera om saksbehandlinga av meldinga, og Re Energi AS vil orientera om planane og forslag til utgreiingsprogram. Det vil også vera høva til å stilla spørsmål til NVE og Re Energi. Møtet er ope for alle.

Informasjon til kommunen

Me ber Gloppen kommune om å informera om saka på nettsidene sine og ev. Facebookside.

Med helsing

Brit T. Haugen
fagleiar

Niklas Egriell
seniorrådgjevar

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Vedlegg

1. Kunngjering av offentlig møte
2. Brosjyre
3. Meldingsdokument

**Mottakarliste:**

DNT Sogn og fjordande - DNT Sogn og fjordande
Villreinnemnda for Sogn og Fjordane - Alf Erik Røyrvik
Havforskningsinstituttet
STATENS VEGVESEN
Norges Jeger- og Fiskerforbund
Norges Bondelag
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
Norges Padleforbund
STATNETT SF
GLOPPEN KOMMUNE
MILJØDIREKTORATET
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold
Norges Jeger- og Fiskerforbund - Sogn og Fjordane
Mattilsynet
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
WWF Norge AS
Fiskeridirektoratet
Norsk ornitologisk foreining, avdeling Sogn og Fjordane
Friluftsrådernes Landsforbund - Bergen og Omland Friluftsråd
Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane
Fortidsminneforeningen
Fortidsminneforeningen i Sogn og Fjordane
Norsk Friluftsliv
Naturvernforbundet
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
VESTLAND FYLKESKOMMUNE - Staffan Hjohlman
VESTLAND FYLKESKOMMUNE - Merete Farstad
LINJA AS

Kopimottakarliste:

Re Energi AS - Jon Gunnar Solli
Energidepartementet
Bård Moberg